



VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE



Vedtatt i kommunestyret 25.02.21, administrativ presisering 13.05.22.

Eigartilhøve:

Bjørnafjorden kommune eig og er ansvarleg for drift og forvaltning av kommunale barnehagar.

§1 Føremål:

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettighetene. (Jamfør Lov om barnehager §1)

Barnehagen skal gje barn høve til leik, livsutfaldning og meiningsfylte opplevingar og aktiviteter. Barnehagen skal ta omsyn til barnet sin alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, her også samiske barn sin kultur og språk.

Barnehagen skal formidle verdiar og kultur, gje rom for barn si eiga kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i eit sosialt og kulturelt fellesskap.

Barnehagen skal støtte barn si nysgjerrigkeit, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringar med utgangspunkt i barnet sine interesser, kunnskapar og ferdigheter.

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å utjamne sosial ulikskap. (Jamfør Lov om barnehager § 2)

§1 Lov og regelverk:

Barnehagane skal drivast i samsvar med «Lov om barnehagar» med forskrifter, og retningsliner gjeve av departementet samt kommunale vedtak og planar for den enkelte barnehage.

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd. Rammeplanen for barnehagen gjev retningsliner for innhald og oppgåver i barnehagen. Med utgangspunkt i denne skal samarbeidsutvalet i den enkelte barnehagen fastsette ein årsplan for det pedagogiske arbeidet.

§2 Samarbeidsorgan:

For å sikre eit godt samarbeidet med barna sin heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval jamfør § 4 i Lov om barnehagar.

Foreldrerådet (FAU) består av representantar for foreldra/ føresette til alle barna og skal fremme deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet vert valt og konstituert for eit barnehageår.

Den einskilde barnehage skal vektleggja og leggja til rette for eit godt samarbeid med heimen. Gjennom dagleg kontakt og møtepunkt gjennom året skal barnehagen gje føresette nødvendig informasjon om, og grunngjeving for barnehageverksemada og invitere føresette til medverknad.

Samarbeidsutvalet (SU) består av representantar for foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagen sin eigar kan delta etter eige

ønske, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene. Foreldre- og personalrepresentanten vert valt for eit barnehage år. Kommunen sin politiske representant vert valt for inntil fire år. Styrar er sekretær for samarbeidsutvalet med møte-, tale og framleggsrett. Styrar har ansvar for at Samarbeidsutvalet konstituerer seg.

Samarbeidsutvalet skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordna organ, som først og fremst skal ivareta samarbeidet mellom barnehagen og heimane. Samarbeidsutvalet skal bli førelagt, og har rett til å uttala seg, i saker som er viktige for barnehagen sitt innhald, verksemd og tilhøve til føresette.

§3 Opptak

3.1 Samordna opptak til barnehagane:

Bjørnafjorden kommune ved Oppvekst samordnar hovudopptaket til både kommunale og private barnehagar, sjå vedtekter for samordna opptak for meir informasjon. Ansvar for opptaket er delegert til styrar i den einskilde barnehage. **Søknadsfrist for hovudopptaket er 1.mars kvart år.**

Barnehageplass skal søkjast elektronisk via "IST Barnehage". Skjema og informasjon er å finna på Bjørnafjorden kommune si heimeside. Det er heimen sitt ansvar at kontaktopplysningane til barnet til ei kvar tid er korrekte. Desse opplysningane kan rettast opp i barnehagesøknaden.

Barnehagane tilbyr 100 % plass.

Barn med store og dokumenterte helseutfordringar kan søkje om redusert plass. Søknad skal sendast til fagsjef kommunale barnehagar.

Dersom det vert ledige plassar i løpet av eit barnehageåret, skal desse plassane tildelast barn som står på venteliste.

3.2 Opptakskrins/ opptaksriterium:

Barn skal ha folkeregistrert bustadadresse i Bjørnafjorden kommunen for tildeling av plass.

Opptakskriterium for dei kommunale barnehagane i Bjørnafjorden kommune:

Prioritet:	Gruppe:	Dokumentasjon
1	Barn med nedsett funksjonsevne, jamfør Barnehagelova §18. Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstjenester §4-12 og §4-4 annet og fjerde ledd, jamfør Lov om barnehager § 18	Sakkunnig uttale frå fastlege, behandlende lege, psykolog eller PPT. Uttale frå Barnevernstenesta
2	Søsken til barn i barnehagen. Søskenprioritet har verknad frå når føresette har takka "ja" til plass for første barnet og det andre barnet står som søker til barnehageplass i denne barnehagen. Søskenprioriteten gjeld så lenge søsken vil gå i barnehagen samstundes.	
3	5 åringar siste år før skulestart, både overflyttingar og nye søkerar.	

4	Barn som det er søkt overflytting for og som har søkt barnehagen på 1. alternativ, og ikkje fått dette ved hovudopptak.	
5	Barn til personalet i barnehagen som verkemiddel for å halda på eller rekruttera personale i barnehagen. Barnehagelærarar vert prioritert.	
6	Barn i familiarar der føresette eller søsken har ein alvorleg sjukdom/funksjonshemmning.	Sakkunnig uttale frå fastlege, behandlende lege eller psykolog
7	Ordinære søkerar	

Oppaksmynde i Bjørnafjorden kommune handsamer og vurderer søknader om plassering i prioritert gruppe, jamfør Lov om barnehager §17.

Oppaket vert gjort etter søknadsdato innan for kvar prioritet. Barnehagen kan i særskilde tilfelle ha trong for å prioritera konkrete aldersgrupper eller kjønn, slik at barnehagen får ønska gruppesamsetning.

Søkerar som får avslag på plassering i prioritert gruppe, har klagerett etter reglane i "forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage" § 6. Klagefristen er tre veker frå det tidspunktet som søker har motteke avgjersla om barnehageplass.

3.3 Oppseiling:

Dei som har fått plass har den til dei seier opp eller til 31. juli det året barnet startar på skulen, så lenge betaling for plass vert innfridd, og barnet bur i Bjørnafjorden kommune. Reglane for oppseiling gjeld frå foreldre/føresette har tatt imot plassen. Barnet sine føresette kan sei opp plassen med to månads skriftleg varsel, rekna frå den 1. i påfølgande månad. Oppseiling av plass skjer elektronisk via "IST Barnehage".

Bjørnafjorden kommune kan sei opp plassen ved mislighald eller gjentatt brot på avtalen, manglande betaling av barnehageplass, og at barnet flytter ut av kommunen.

3.4 Permisjon frå barnehageplass

For barn som går i kommunal barnehage, kan det søkjast permisjon frå barnehageplass for inntil eit kalenderår:

Permisjon kan gjevast etter grunngjeven søknad. Styrar vurderer søknaden, gjev si innstilling til fagsjef kommunale barnehagar, som fatta endeleg vedtak.

§ 4 Foreldrebetaling:

Foreldrebetaling og søskenmoderasjon vert regulert gjennom § 20 i Lov om barnehagar og til ei kvar tid gjeldande forskrift.

Foreldrebetalinga er månadleg i 11 månader, juli er betalingsfri månad. Eventuelle matpengar kjem i tillegg, og satsen vert fastsett av kommunestyret.

Dersom barnet/ barna vert henta etter ordinær stengetid, må foreldra betale eit gebyr for kvar påbyrja halvtime. Gebyret vert fastsett av kommunestyret.

Dersom barnet vert vekke frå barnehageplassen sin i ein månad eller meir på grunn av skade/ sjukdom, skal det gjevast fritak for foreldrebetaling i den perioden barnet er vekke. Fråværet skal dokumenterast med legeerklæring.

Rutine ved manglande betaling

Ved manglande betaling etter forfall vert det sendt ut inkassovarsel og betalingsoppfordring etter gjeldande satsar. Det vil påløpe forsinkelsesrente og gebyr ved for sein betaling.

Dersom kravet ikkje vert innfridd, seier Bjørnafjorden kommune opp plassen etter fastsett prosedyre, jf. Tvangsfullbyrdelseslova §§ 4-18. Ny barnehageplass vert ikkje tildelt før barnehageavgifta er betalt, eller det føreligg ei betalingsordning økonomikontoret kan godkjenne.

Betalingsfritak

Ekstraordinær stenging utover ein dag grunna streik eller andre uføresette hendingar, gjev betalingsfritak for den tida stenginga varer.

NB: Dersom alternative barnehagetilbod blir oppretta, og ein vel å ikkje nytte desse, fell fritak om betaling vekk.

Reduksjon eller fritak frå foreldrebetaling kan gjevast etter Forskrift om foreldrebetaling. Søknaden skal rettast til Bjørnafjorden kommune ved NAV. Dokumentasjon for familien si samla inntekt må leggjast ved søknaden. Urette opplysningar i søknad kan medføre at ein må betale ordinær barnehagesats.

§ 5 Opningstider og ferie:

Barnehagane har ope fem dagar i veka

Barnehagane med over 60 plassar har ope kl 07.00 – 17.00

Barnehagar med under 60 plassar har ope kl 07.00 – 16.30.

Lysekloster, Os og Jettegryto er sommarstengt i veke 29 og 30, elles er dei opne. Holmefjord, Holdhus, Strandvik, Søre Fusa og Trollskogen er stengt veke 27, 28, 29, 30, påsken og romjula.

Onsdag før skjærtorsdag: Barnehagane stenger kl. 12.00.

Ferier:

Barna skal ha fem veker ferie i løpet av barnehageåret. Av desse skal fire veker takast i samband med skulen sin sommarferie, og tre av vekene må vera samanhengande. Den femte ferieveka kan takast ut på barnehagen sine planleggingsdagar. Barn som skal ta til på skulen må ha avvikla fem veker ferie før 1. august.

Jettegryto barnehage i Eikelandsosen skal gje barnehagetilbod på Fusasida i veke 27, 28, påsken og romjula når dei andre barnehagane held stengt.

Foreldre / føresette skal innan 1. april ha meldt ferietida for sitt barn.

§6 Tilsetjing og personale

Personalet i dei kommunale barnehagane er tilsette i Bjørnafjorden kommune.

Bemanninga i barnehagen skal vere i tråd med Lov om barnehager §§ 24 – 29.

Alle som arbeider og oppheld seg regelmessig i barnehage skal legge fram tilfredsstillande politiattest, jamfør Lov om barnehager § 30.

Alle tilsette i barnehagen har teieplikt etter Forvaltningslova §§ 13 – 13 f, jamfør Lov om barnehager § 44.

Barnehagepersonalet har opplysningsplikt til sosialtenesta, den kommunale helse- og omsorgstenesta og barnevernet, jamfør Lov om barnehager §§ 45 og 46.

§7 Arealutnytting:

Bjørnafjorden kommune si arealutnytting er fastsatt til 5,33 m² leike- og oppholdsareal for barn under 3 år, og 4 m² for barn over 3 år. Leikearealet per barn vert fastsett når barnehagen vert godkjent. Barna sitt leikeareal ute skal vere omlag 6 gongar oppholdsarealet inne.

§8 Forsikring:

Bjørnafjorden kommune har teikna ansvars- og ulykkesforsikring for barnet i den tida barnet oppheld seg i barnehagen, samt på utflykter, reiser og liknande som er arrangert av barnehagen. Forsikringa omfattar også når barna er på direkte veg til og frå barnehagen. Forsikringa gjeld berre personskader, og ikkje skade på personlege eigendalar som for eksempel klede, vogner eller leikar.

§9 Internkontroll:

Kommunale barnehagar har internkontrollsysteem i samsvar med gjeldande regelverk for internkontroll, jamfør Lov om barnehagar § 9. Det er utarbeida prosedyrar for å sikre at helse, miljø og sikkerhet vert tilfredsstillande ivaretatt i henhold til gjeldande lover, forskrifter og bestemmelser.